

# Nordhordland ein kommune – 2020?



Nordhordland Utviklingselskap IKS

# Innhald

<b>1. Nordhordland ein bu- og arbeidsmarknadsregion .....</b>	<b>3</b>
1.1.1 Bu kommune og arbeidsstad .....	3
1.1.2 Avstandar i regionen.....	4
<b>2. Areal, tal innbyggjarar og demografisk utvikling .....</b>	<b>6</b>
2.1.1 Areal og folketal.....	6
2.1.2 Folketal - utvikling.....	6
2.1.3 Demografi og utvikling .....	9
<b>3. Interkommunalt samarbeid i Nordhordland (dette er det same som stod i Telemarksrapporten).....</b>	<b>15</b>
<b>4. Kommuneøkonomi og bruken av midlane i dag .....</b>	<b>17</b>
4.1 Kommuneøkonomi .....	17
4.2 Bruken og prioritering av midlane .....	23
4.3 Kommunebarometeret og NHOs kommune NM.....	31
4.3.1 Kommunebarometeret .....	32
4.3.2 NHOs KommuneNM.....	36
<b>5. Skatt og avgifter .....</b>	<b>42</b>
5.1 Eigedomsskatt.....	42
5.2 Andre avgifter.....	43
<b>6. Positive og negative effektar av ein kommunesamanslåing .....</b>	<b>45</b>

# 1. Nordhordland ein bu- og arbeidsmarknadsregion

## 1.1.1 Bu kommune og arbeidsstad

Ein av ekspertutvalet sine tilrådingar var at kommunar med felles bu- og arbeidsmarknad bør vurdere å slå seg saman. Der er også nytta begrepet funksjonelt samfunnsutviklingsområde eller kvardagsregion.

Nordhordland er langt på veg ein felles bu- og arbeidsregion, men der er ganske store skilnadar mellom kommunane. Meland skil seg ut med lågast andel som jobbar i eigen kommune (34 %) og størst andel i Bergen (37 %), men har samstundes 20 % som arbeider i dei andre kommunane i Nordhordland. Solund skil seg ut med låg andel som jobbar i kommunane i Nordhordland, noko som er naturleg ut i frå reiseavstand. Austrheim, Masfjorden og Radøy er dei kommunane som har høgast andel som jobbar i dei andre kommunane i Nordhordland.

Modalen, Gulen og Solund er dei som ligg øvst frå 74 til 78 % med arbeidsstad i eigen kommune. Solund har i liten grad eit felles arbeidsmarknad med dei andre kommunane i Nordhordland. Fedje, Modalen og Gulen er også i mindre grad integert med dei andre kommunane. Gulen skil seg ut med at 16 % av arbeidstakarane i Masfjorden jobbar i Gulen, men der er nesten ingen frå dei andre kommunane som jobbar i Gulen.

Bergen er ein viktig arbeidsstad for Nordhordland. For Meland er Bergen den største kommunen, også større enn eigen kommune. Bergen er også ein viktig arbeidsstad for innbygarane i Lindås og Radøy.

Bustad	Arbeidsstad											Alle
	Austrheim	Fedje	Lindås	Masfjorden	Meland	Modalen	Radøy	Gulen	Solund	Bergen	Andre kommunar	
Austrheim	44 %	1 %	28 %	0 %	1 %	0 %	2 %	0 %	0 %	12 %	11 %	100 %
Fedje	3 %	67 %	5 %	0 %	0 %	0 %	1 %	0 %	0 %	9 %	15 %	100 %
Lindås	3 %	0 %	54 %	0 %	5 %	0 %	2 %	0 %	0 %	26 %	10 %	100 %
Masfjorden	1 %	0 %	8 %	55 %	1 %	1 %	0 %	16 %	0 %	9 %	8 %	100 %
Meland	1 %	0 %	18 %	0 %	34 %	0 %	1 %	0 %	0 %	37 %	9 %	100 %
Modalen	0 %	0 %	5 %	3 %	1 %	74 %	0 %	0 %	0 %	8 %	9 %	100 %
Radøy	5 %	0 %	18 %	0 %	3 %	0 %	48 %	0 %	0 %	17 %	9 %	100 %
Gulen	1 %	0 %	3 %	4 %	0 %	0 %	0 %	77 %	0 %	6 %	8 %	100 %
Solund	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	2 %	78 %	3 %	17 %	100 %
Totalt	6 %	1 %	31 %	3 %	10 %	1 %	8 %	6 %	2 %	23 %	10 %	100 %

Bustad	Arbeidsstad				
	Egen	Andre i Nordhordland	Nordhordland totalt	Bergen	Andre utanom Bergen
Meland	34 %	20 %	54 %	37 %	9 %
Austrheim	44 %	32 %	76 %	12 %	11 %
Radøy	48 %	26 %	73 %	17 %	9 %
Lindås	54 %	11 %	65 %	26 %	10 %
Masfjorden	55 %	28 %	84 %	9 %	8 %
Fedje	67 %	9 %	76 %	9 %	15 %
Modalen	74 %	9 %	83 %	8 %	9 %
Gulen	77 %	9 %	86 %	6 %	8 %
Solund	78 %	2 %	80 %	3 %	17 %
<b>Totalt</b>			<b>68 %</b>	<b>23 %</b>	<b>10 %</b>


### 1.1.2 Avstandar i regionen

Vi har gjort eit enkelt estimat på kor lang tid det går med eigen bil for å komme seg til regionsenteret Knarvik. Vi har delt inn avstandane i 15 minutt og har ikkje delt opp for dei som har meir enn 1 time. Det kan nok vere diskusjon om kva som er heilt riktig inndeling, men meiner det gir eit bilete av reisetida i regionen.

I og med at det er søndre delen av regionen som er tettast befolka er der litt over 40 % av befolkninga som har ei reisetid til Knarvik som er 15 minutt eller kortare. Heile 80 % av Meland sine innbyggjarar og litt over 60 % av Lindås sine er i den gruppa. For dei som har over 60 minutt så er der ikkje differensiert noko meir, for innbyggjarane i Solund vil reisetida overstige langt over 60 minutt.

Reisetid til Knarvik med eigen bil - andel innan kvar kommune						
	Tal minuttar					Totalsum
	15	30	45	60	60+	
Austrheim	0 %	0 %	86 %	14 %	0 %	100 %
Fedje	0 %	0 %	0 %	0 %	100 %	100 %
Gulen	0 %	0 %	0 %	0 %	100 %	100 %
Lindås	62 %	28 %	10 %	0 %	0 %	100 %
Masfjorden	0 %	0 %	18 %	33 %	49 %	100 %
Meland	80 %	16 %	3 %	0 %	0 %	100 %
Modalen	0 %	0 %	0 %	65 %	35 %	100 %
Radøy	12 %	67 %	16 %	5 %	0 %	100 %
Solund	0 %	0 %	0 %	0 %	100 %	100 %
<b>Totalsum</b>	<b>44 %</b>	<b>24 %</b>	<b>15 %</b>	<b>4 %</b>	<b>13 %</b>	<b>100 %</b>

### Andel av befolkningen i Nordhordland - reisetid til Knarvik



## 2. Areal, tal innbyggjarar og demografisk utvikling

### 2.1.1 Areal og folketal

Arealet i dei ni kommunane vil vere 2.403 km<sup>2</sup>, det vil vere den 19 største kommunen i landet. I Sør-Noreg vil det berre vere 5 kommunar som er større og på Vestlandet er det berre Luster kommune.

Tal innbyggjarar 01.01.15 er 36.788, det vil vere den 22 største kommunen i landet. I Hordaland er det berre Bergen som er større. Tal innbyggjarar pr km<sup>2</sup> vil vere om lag 15 stk, det er litt meir enn gjennomsnittet for landet sine kommunar (177).

Kommune	Areal km2	Tal innbyggjarar	Folke- mengde pr km <sup>2</sup>	Plassering - totalt kommunane		
				Innbyggjarar	Areal	Folke- mengde pr km2
1252 Modalen	381	378	1	428	237	406
1256 Meland	88	7 736	88	139	391	54
1260 Radøy	107	5 014	47	203	376	96
1263 Lindås	456	15 402	34	77	214	120
1264 Austrheim	57	2 856	50	280	415	89
1265 Fedje	9	563	63	422	427	76
1266 Masfjorden	511	1 704	3	350	198	326
1412 Solund	219	800	4	417	318	316
1411 Gulen	575	2 335	4	311	185	308
<b>Nordhordland</b>	<b>2 403</b>	<b>36 788</b>	<b>15</b>	<b>22</b>	<b>19</b>	<b>177</b>


### 2.1.2 Folketal - utvikling


Totalt sett så har folketallet i regionen auka med 18 % sidan 2000, det er meir enn gjennomsnittet for landet (15 %). Det er store skilnadar mellom kommunane. Meland skil seg ut med ein svært stor vekst, men også i Lindås har auken vore stor. Fedje og Solund er dei to kommunane som slit med fallande folketal. Masfjorden og Gulen har noko lågare folketal enn i år 2000, men det har auka noko i dei siste åra. Radøy hadde ein jamn vekst fram til 2013, men så har det flata ut.

Kommune	Folketal 01.01 i åra						Folketalet i 2015 i % av		
	2000	2005	2010	2013	2014	2015	2000	2010	2014
1252 Modalen	354	361	344	383	372	378	107 %	110 %	101,6 %
1256 Meland	5 353	5 861	6 631	7 347	7 544	7 736	145 %	117 %	102,5 %
1260 Radøy	4 585	4 656	4 825	5 003	5 039	5 014	109 %	104 %	99,5 %
1263 Lindås	12 492	13 043	14 286	14 820	15 069	15 402	123 %	108 %	102,2 %
1264 Austrheim	2 527	2 527	2 738	2 833	2 833	2 856	113 %	104 %	100,8 %
1265 Fedje	682	661	594	569	561	563	83 %	95 %	100,4 %
1266 Masfjorden	1 774	1 693	1 635	1 696	1 693	1 704	96 %	104 %	100,6 %
1411 Gulen	2 489	2 459	2 302	2 305	2 315	2 335	94 %	101 %	100,9 %
1412 Solund	959	875	867	842	815	800	83 %	92 %	98,2 %
<b>Nordhordland</b>	<b>31 215</b>	<b>32 136</b>	<b>34 222</b>	<b>35 798</b>	<b>36 241</b>	<b>36 788</b>	<b>118 %</b>	<b>107 %</b>	<b>101,5 %</b>
Landet totalt	4 478 497	4 606 363	4 858 199	5 051 275	5 109 056	5 165 802	115 %	106 %	101,1 %

I SSB sin prognose er det for regionen forventa ein relativ betydeleg vekst i folketalet. Det er noko større usikkerhet knytta til utviklinga i kvar einiskild kommune enn til regionen totalt sett. SSB forventar at utviklinga vil ver om lag slik den har vore, med sterkast vekst i søndre delen, men Austrheim skil seg ut med forventa høg vekst. Dersom vi skal oppnå denne veksten må vi få netto innflytting, spesielt for dei som er i aldersgruppa 30 – 40 år. Da må vi ha attraktive bustad og oppvekstområde og eit variert næringsliv.

	Folketal 01.01 i åra				SSB sin prognose - middels vekst					2025 i % av 2015
	2000	2005	2010	2015	2020	2025	2030	2040		
1263 Lindås	12 492	13 043	14 286	15 402	16 377	17 439	18 410	19 881	113 %	
1256 Meland	5 353	5 861	6 631	7 736	8 994	10 152	11 232	13 077	131 %	
1260 Radøy	4 585	4 656	4 825	5 014	5 346	5 583	5 767	5 997	111 %	
1264 Austrheim	2 527	2 527	2 738	2 856	3 239	3 555	3 818	4 231	124 %	
1411 Gulen	2 489	2 459	2 302	2 335	2 382	2 456	2 548	2 708	105 %	
1266 Masfjorden	1 774	1 693	1 635	1 704	1 710	1 731	1 759	1 777	102 %	
1412 Solund	959	875	867	800	771	745	711	669	93 %	
1265 Fedje	682	661	594	563	534	504	491	463	90 %	
1252 Modalen	354	361	344	378	406	421	444	468	111 %	
<b>Nordhordland</b>	<b>31 215</b>	<b>32 136</b>	<b>34 222</b>	<b>36 788</b>	<b>39 759</b>	<b>42 586</b>	<b>45 180</b>	<b>49 271</b>	<b>116 %</b>	





For åra 2010 - 2014				Andel av folketilveksten i eigen kommune			
	Fødsels- overskudd	Netto- innflytting	Folke- tilvekst*	Fødsels- overskudd	Netto- innflytting	Folke- tilvekst i % 2010 - 2014	Andel av folke- tilveksten i regionen
1252 Modalen	2	29	34	6 %	85 %	10 %	1 %
1256 Meland	323	784	1105	29 %	71 %	17 %	43 %
1260 Radøy	84	105	189	44 %	56 %	4 %	7 %
1263 Lindås	444	675	1116	40 %	60 %	8 %	43 %
1264 Austrheim	8	109	118	7 %	92 %	4 %	5 %
1265 Fedje	-24	-7	-31	-77 %	-23 %	-5 %	-1 %
1266 Masfjorden	-4	72	69	-6 %	104 %	4 %	3 %
1411 Gulen	-30	62	33	-91 %	188 %	1 %	1 %
1412 Solund	-27	-40	-67	-40 %	-60 %	-8 %	-3 %
<b>Totalsum</b>	<b>776</b>	<b>1 789</b>	<b>2 566</b>	<b>30 %</b>	<b>70 %</b>	<b>7 %</b>	<b>100 %</b>
Andel av folkevekst	30 %	70 %	100 %				

\*Kan vere avvik i forhold til sum fødselsoverskudd og nettoinnflytting på grunn av forsinking i registrering

Frå og med 2010 og til og med 2014 så har folketallet auka med 7 % i regionen. Av denne auken er 70 % på grunn av netto innflytting, mens 30 % er fødselsoverskott. Meland og Lindås har auka like mykje i tal personar og 86 % av auken i regionen har skjedd i dei to kommunane. Frå 1990 og fram til 2005 var netto tilflytting ganske låg, men dei siste åra har det vore på eit relativt høgt nivå - 300 – 400 stk årleg.



### 2.1.3 Demografi og utvikling

Vekstkommunane har ein ung befolkning. Dei kommunane som har slitt med fallande folketal har ein eldre befolkning. Nordhordland totalt har ei befolkning med same gjennomsnitt alder som landet – 39 år.



Den gruppa som er 15 år og yngre utgjer 21 % i regionen totalt. I Meland er det 25 %, mens i Solund er den nede i 15 %. Enda større forskjellar blir det når ein ser på gruppa 0 – 5 år. I den aldersgruppa som som føder barn – 21 – 40 år, så har Nordhordland noko lågare andel enn resten av landet. Ingen av kommunane er over gjennomsnittet for landet. Fedje skil seg ut med låg andel – 15 %, men også dei andre kommunane som slit med fallande folketal har relativ låg andel i den gruppa.

For dei som er 68 år og eldre så er Nordhordland totalt ganske likt landet, men der er store forskjellar mellom kommunane. For nokon av kommunane utgjer denne gruppa om lag 20 %, mens for Meland er det om lag 10 %.

	% andel i dei ulike aldersgruppene						
	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 20	21 - 40	41 -67	68 - 79	80 +
1252 Modalen	5 %	17 %	6 %	22 %	36 %	9 %	4 %
1256 Meland	10 %	15 %	7 %	26 %	33 %	7 %	3 %
1260 Radøy	7 %	13 %	7 %	24 %	36 %	9 %	5 %
1263 Lindås	8 %	14 %	7 %	25 %	34 %	8 %	4 %
1264 Austrheim	7 %	12 %	6 %	24 %	35 %	11 %	4 %
1265 Fedje	5 %	13 %	8 %	15 %	39 %	10 %	9 %
1266 Masfjorden	7 %	12 %	7 %	19 %	36 %	11 %	9 %
1411 Gulen	6 %	12 %	8 %	21 %	36 %	11 %	7 %
1412 Solund	4 %	11 %	7 %	20 %	39 %	14 %	7 %
<b>Nordhordland</b>	<b>8 %</b>	<b>13 %</b>	<b>7 %</b>	<b>24 %</b>	<b>34 %</b>	<b>9 %</b>	<b>4 %</b>
Landet totalt	7 %	12 %	6 %	27 %	34 %	9 %	4 %

Gjennomsnittalderen varierer frå 45 år (Solund) til 36 år (Meland) og andelen av dei som er 40 år og yngre varierer frå 41 % til 58 %.



Når ein ser Nordhordland samla så vert aldersfordelinga ganske normalt samanlikna med landet totalt. Det vi skal merke oss er at vi har ein lågare andel av aldersgruppa 21 – 40 år noko som gjer at vi er avhengig av ei netto tilflytting av dei som er i gruppa 30 – 40.




For aldersgruppa 80 + så er der forventa uendra utvikling fram til 2020, i 2025 er der forventa ein auke på 20 % og i 2030 er der forventa auke på over 65 % samanlikna med i dag. Det er store forskjellar mellom kommunane. I dei minste kommunane må ein vere litt forsiktig med å bruke % tala for sterkt. Andelen av dei som er 80 + har vore oppe i 5 %, no er den nesten nede i

4 %. Frå 2025 vil den stige igjen til 5 % og i 2030 er prognosen 6 %. Det gjer at ein kan forvente at større del av kommunen sin ressursbruk må gå til denne aldersgruppa.

80 år og eldre - Året 2015 = 100 %								
Kommune	2000	2005	2010	2015	2020	2025	2030	2040
1252 Modalen	100 %	112 %	65 %	100 %	135 %	106 %	159 %	182 %
1256 Meland	73 %	90 %	95 %	100 %	108 %	133 %	201 %	296 %
1260 Radøy	116 %	125 %	105 %	100 %	96 %	120 %	155 %	219 %
1263 Lindås	84 %	93 %	97 %	100 %	101 %	123 %	174 %	246 %
1264 Austrheim	110 %	113 %	114 %	100 %	121 %	169 %	225 %	273 %
1265 Fedje	106 %	94 %	96 %	100 %	90 %	80 %	96 %	135 %
1266 Masfjorden	86 %	83 %	78 %	100 %	84 %	88 %	99 %	134 %
1411 Gulen	121 %	114 %	102 %	100 %	97 %	110 %	145 %	160 %
1412 Solund	163 %	127 %	108 %	100 %	117 %	135 %	156 %	194 %
<b>Nordhordland</b>	<b>96 %</b>	<b>101 %</b>	<b>98 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>121 %</b>	<b>167 %</b>	<b>223 %</b>



Befolkningspyramiden for Nordhordland ser slik ut i 2015 og kva som er forventa i 2030.




Figuren over viser også at fram til ein er 20 år så er ein ganske stabil – flyttar lite. Aldersgruppa 21 – 40 år er dei som flyttar mest. I første delen flyttar dei ut for så og vende tilbake (30 -40 aldersgruppe).

For den aldersgruppa som går i grunnskulen så er der forventa ein vekst totalt i regionen.

Aldersgruppa 6 - 15 år fordelt på kommunene året 2015 = 100 %							
Kommune	2000	2005	2010	2015	2020	2025	2030
1252 Modalen	95 %	77 %	71 %	100 %	91 %	85 %	91 %
1256 Meland	80 %	87 %	89 %	100 %	120 %	132 %	143 %
1260 Radøy	103 %	105 %	105 %	100 %	105 %	107 %	106 %
1263 Lindås	84 %	89 %	95 %	100 %	103 %	108 %	115 %
1264 Austrheim	101 %	100 %	102 %	100 %	103 %	125 %	143 %
1265 Fedje	116 %	122 %	118 %	100 %	85 %	79 %	75 %
1266 Masfjorden	132 %	125 %	113 %	100 %	110 %	117 %	122 %
1411 Gulen	123 %	138 %	117 %	100 %	96 %	99 %	111 %
1412 Solund	152 %	124 %	112 %	100 %	83 %	64 %	67 %
<b>Nordhordland</b>	<b>93 %</b>	<b>97 %</b>	<b>98 %</b>	<b>100 %</b>	<b>106 %</b>	<b>113 %</b>	<b>120 %</b>

Når ein ser på tal barn i dei ulike aldrane frå 0 til og med 15 år så er der ein lit fallande tendens. No vil der nok vere ein nettotilflytting slik at det likevel kan bli ein auke i tal barn i skulen.





Når ein slår saman aldersgruppene i 5 års bolkar (1 – 5 år, 6 – 10 år og 11 – 15 år) og samanliknar utviklinga i forhold til dei som er 11 – 15 år så er det berre Meland som har fleire i aldersgruppa 1 – 5 år. Det betyr at elevtalet i skulen vil gå ned dersom ein ikkje får tilflytting til kommunen. I nokre av kommunane er den reduksjon betydeleg. Denne tabellen kan samanliknast med prognosen til SSB. Dersom prognosen til SSB skal nås må fleire av kommunane ha ein betydeleg netto tilflytting i dei aldersgruppene her.

Den reduksjon som kan bli i elevtalet dersom ein ikkje får tilflytting kan gi utfordringar med omsyn til å ha ein ressursbruk i skulen som er økonomisk forsvarleg.

				I % av dei som er 11 - 15 år		
	1 - 5 år	6 - 10 år	11 - 15 år	1 - 5 år	6 - 10 år	11 - 15 år
1252 Modalen	17	36	30	57 %	120 %	100 %
1256 Meland	638	595	547	117 %	109 %	100 %
1260 Radøy	307	304	337	91 %	90 %	100 %
1263 Lindås	1 044	1 050	1 075	97 %	98 %	100 %
1264 Austrheim	174	153	201	87 %	76 %	100 %
1265 Fedje	23	31	42	55 %	74 %	100 %
1266 Masfjorden	93	94	104	89 %	90 %	100 %
1411 Gulen	109	131	146	75 %	90 %	100 %
1412 Solund	27	45	45	60 %	100 %	100 %
<b>Nordhordland</b>	<b>2 432</b>	<b>2 439</b>	<b>2 527</b>	<b>96 %</b>	<b>97 %</b>	<b>100 %</b>
Landet totalt	314 571	312 461	310 003	101 %	101 %	100 %

Andel kvinner i alderen 21 – 40 år seier noko om kva ein kan forvente av fødsjar framover. Det er berre Meland som er litt over gjennomsnittet for landet, dei andre kommunane ligg under – nokon betydeleg. Nå er der grunn til å forvente ein netto tilflytting i aldersgruppa 31 - 40. Utfordringa er at dei kommunane som har lågast andel kvinner i gruppa 21 – 30 er dei kommunane som har lågast tilflytting.



### 3. Interkommunalt samarbeid i Nordhordland (dette er det same som stod i Telemarksrapporten)

Nordhordland er ein region med lange tradisjonar for samarbeid. I ulike innretningar har kommunane i regionen samarbeida relativt systematisk om fleire område dei siste 50 åra. Kva kommunar som har inngått i samarbeidet har variert, men per 2013 består regionen av 9 kommunar; 8 frå Hordaland og ein frå Sogn og Fjordane.

Regionen er politisk styrt av eit regionråd, samansett av dei 9 ordførarane.

Det interkommunale samarbeidet i Nordhordland strekkjer seg over mange område. Vi har bedt Nordhordland Utviklingsselskap IKS setje opp ei liste over dei aktive interkommunale samarbeidstiltaka som eksisterer i Nordhordland per våren 2013. Lista under melder kva samarbeidstiltaket heiter, og kva kommunar som er med i dei aktuelle samarbeida.

Samarbeidstiltaka strekkjer seg over eit vidt saksfelt alt frå næringsarbeid, legevakt, IKT, brannvern, landbrukskontor, PPT, NAV, ulike helsetilbod og ei rekkje andre mindre saksområde.

#### Oversikt over interkommunale samarbeid i Nordhordland:

1. Nordhordland Utviklingsselskap IKS
2. NGIT
3. NGIB
4. Skjenkekontrollen
5. Nordhordland Legevakt
6. Nordhordland Interkommunale IKT
7. NGIR IKS
8. Nordhordland kommunerevisjon IKS
9. Nordhordland Kursregion Grunnpris/elevtal/forbruk
10. Nordhordland Utvikling IKS Folketal
11. Nordhordland Reiselivslag (avvikla) Folketal
12. Brannvern Lindås –MelandFolketal
13. Brannsjef A/R. Radøy kjøper tenester i 15%.
14. Brannvern G/Ma Folketal
15. Skatt L/Me/R/O/Mo Fast sum (150-200 000) folketal, lite adm. gebyr. Tillegg for dei som har eigedomsskatt på hus/hytter.
16. Landbrukskontor A/F/R Radøy 70 % A/F 30 % (Fedje 28 000)
17. Landbrukskontor G/MA
18. Landbrukskontor ME/MO
19. RIB-psykisk sjuke Radøy
20. Jordmorteneste, følgeteneste.
21. Nordhordland Opplæringskontor
22. Telefoni 2 samarbeid
23. Næringsamarbeid L/A.
24. Næringsamarbeid MA/G
25. Nordhordland Næringshage
26. Felles økonomisjef Osterøy/Modalen
27. Nordhordland Digitalt
28. Bergen og Omland Havnevesen
29. Interkommunal brannvarslingsentral (Bergen)

30. Interkommunalt arkiv
31. Bergen og omland friluftsråd
32. Hordaland Olje og Gass HOG
33. IUA
34. Innkjøpsavtalen med Bergen.
35. Miljøretta helsevern.
36. Samarbeid om seniorsamling
37. Veterinærvakt
38. Vest-Norges Brüsselkontor
39. Avtale om mobil røntgen
40. Avtale om mobil dialyse
41. Samhandlingsreforma - Helsehuset (under arbeid)
42. Kompetanseprosjektet i NHIL
43. Helsefagarbeidar
44. Salto
45. Norskundervisning for framandspråklege. Kjøp av tenester L/Me/R/Au/Mo
46. PPT samarbeid L/A Kaland skule/barnehage
47. PPT/jordmor/barnevern der Fedje kjøper tenester frå Austrheim.
48. Felles Nav leiar Mo/Ma
49. Felles Nav leiar F/A
50. PPT Masfjorden med i Ytre Sunnfjord/Sogn.
51. Fagsjef felles PLOMS-stilling Me/L.

Kjelde: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, lista er ikkje fullstendig

Samarbeidstiltaka blir styrt på forskjellige måtar, og det er ulike fordelingsnøklar for den økonomiske fordelinga på fleire av samarbeidstiltaka.

Dette viser på mange måtar utfordringa ved eit omfattande interkommunalt samarbeid, som har utvikla seg over lengre tid. Samarbeidstiltaka blir så mange, og så på kryss og tvers, at mange, kanskje dei aller fleste, misser oversikten over heilskapsbiletet. Svært få, eller ingen, har full oversikt over det samla omfanget, og dermed også den samla effekten av eit interkommunalt samarbeid. Vi kjem nærmare tilbake til ei generell drøfting av dette i kapittel 8.




# 4. Kommuneøkonomi og bruken av midlane i dag

## 4.1 Kommuneøkonomi

I denne rapporten er det tatt med nokre av dei viktigaste nøkkeltala frå rekneskapan og KOSTRA rapporteringa for åra 2011 – 2014 for kommunane i regionen. For å kunne ha noko å samanlikne med utanfor regionen og eigen kommune er der teke med kommunegruppe 10 (gjennomsnitt for dei kommunane som er med i den gruppa) som Radøy kommune er i og gjennomsnittet for landet (men Oslo er ikkje med). Har også med Osterøy som det kan vere nyttig å samanlikne seg med.


### Netto driftsresultat



Netto driftsresultat viser kor mykje som kan avsettast til framtidig bruk og til eigenfinansiering av investeringar. For å kunne samanlikne 2014 med tidlegare år er inntekta frå mva kompensasjon i investering tatt vekk for åra 2011 – 2013. Det gjer at netto driftsresultat i 2014 kan samanliknast med dei andre åra. Det er som hovudregel anbefalt at netto driftsresultat bør vere minimum pluss 1,75 % av driftsinntektene for å ikkje tære på tidlegare reserver (justert ned frå 3 % på grunn av at inntekta frå mva kompensasjon frå investering ikkje lenger er med i driftsinntektene). Gj.snittet for

landet er på 1,0 % i 2014. Fem av kommunane har eit netto driftsresultat som tilfredsstillar kravet til minimum 1,75 %, men 5 ligger under. Det er grunn for uro når resultatet over fleire åre ikkje er tilfredsstillande, det gjer at kommunen tærer på reservane.

## Disposisjonsfond





Disposisjonsfondet gir eit bileta av kva reservar kommunen har av midlar som ein fritt kan disponere som ikkje er bindi opp til spesielle føremål, slik som bundne fond og investeringsfond vil vere. Nokon av kommunane har nok gjerne tankar om kva disposisjonsfondet skal nyttast til, men kommunestyret står fritt til å gjere vedtak. Det gir kommunen ein buffer til å takle eventuelle «dårlege» år. Det er i realiteten berre Masfjorden, Gulen, Modalen, Lindås og Fedje som har midlar i disposisjonsfondet. Meland har først i 2014 midlar i disposisjonsfondet. Dei andre kommunane har med resultatet for 2014 i praksis brukt opp disposisjonsfondet slik at det er lik 0.

### Premieavvik - akkumulert

Premieavvik er forskjellen mellom kva kommunen har betalt i pensjonsutgift og kva som er pensjonskostnad. Premieavviket vil bli kostnadsført dei neste 7 åra (var tidlegare ein lengre periode). Lindås kostnadsfører sitt premieavvik året etter, det betyr at dei ikkje bygger opp eit premieavvik. Med unntak for Osterøy så har det akkumulerte

premieavviket auka år for år. Det betyr at kommunane skyver fram for seg ein auka kostnad.

Premieavviket sett i forhold til driftsinntektene gir eit bilete av korleis kostnadane med det akkumulerte premieavviket vil bli dei komande åra. Forenkla så kan ein sei at dei som har eit premieavvik som utgjer 7 – 8 % av driftsinntektene så vil nesten 1 % av driftsinntektene dei komande åra verta nytta for å dekke inn kostnadane med premieavviket. Av figuren under ser ein at Radøy ligg høgast, mens Gulen og Lindås har lågast sett i høve til driftsinntektene. Dei kommunane som har høge premieavvik burde hatt tilsvarende store disposisjonsfond som kunne nyttast til å dekke premieavviket. Det har Fedje og Masfjorden, men Radøy, Solund og Austrheim har ikkje noko disposisjonsfond å nytte. Det betyr at dei må dekke i inn desse kostnadane med dei ordinære driftsinntektene.



## Frie inntekter i høve til berekna utgiftsbehov

Kommune	Korrigerte frie inntekter, ekskl. eiendomsskatt og konsesjonskraftinntekter	Korrigerte frie inntekter, inkl. eiendomsskatt og konsesjonskraftinntekter	Kostnadsindeks 2014
1252 Modalen	129	248	181
1266 Masfjorden	109	140	129
1265 Fedje	122	125	163
1412 Solund	121	117	136
1263 Lindås	98	116	103
1411 Gulen	105	114	131
1264 Austrheim	108	112	108
1260 Radøy	98	99	107
1256 Meland	98	98	103
1253 Osterøy	97	97	106
<b>Hordaland</b>	<b>100</b>	<b>101</b>	



I kommuneproposisjonen viser tabell (2.5) korrigert frie inntekter i høve til berekna utgiftsbehov. ”Tabell 2.5 viser den enkelte kommunes frie inntekter korrigert for variasjoner i utgiftsbehov for 2014, både med og uten eiendomsskatt og konsesjonskraftinntekter.” Det er relativt store skilnadar i kommunane sine frie inntekter i høve til berekna utgiftsbehov. Berekna utgiftsbehov (kostnadsindeks) er det som vert nytta til å berekne kommunen sine rammetilskott og inntektsutjamninga. Eigedomsskatt og konsesjonskraft er ikkje med i den inntektsutjamninga, noko som er hovudårsaken til dei forskjellane som er mellom kommunane i Nordhordland.

Tabellen viser enkelt forklart kor store frie inntekter ein kommunen har i høve til berekna utgifts behov, gj.snitt for heile landet er 100. I vår region er det 3 kommunar som er under 100 (gj.snittet for landet). For å forenkla det så har Radøy eit berekna utgiftsbehov på 107 kr (kostnadsindeks 2014), men har 106 kr til disposisjon, det gir korrigerte frie inntekter lik 106 ( $107/106 \times 100 = 99$ ). Det betyr at Radøy må bruke om lag 1 % mindre for å produsere tenestene enn det gj.snittet for landet kan. Lindås har tilsvarande 116 kr til disposisjon og kan difor tillate seg å nytte tilsvarande meir. Dei forskjellane som er i inntekt inklusiv eigedomsskatt, konsesjonskraft og utbytte er viktig for å forstå kvifor kommunane kan/må prioritere å ha ganske forskjellig ressursbruk til dei ulike tenestene. Dei aller «fattigaste» kommunane i landet har 92 i korrigerte frie inntekter, men dei har sannsynlegvis ikkje innført eigedomsskatt.

### Eigedomsskatt

Alle kommunane har eigedomsskatt på det som i KOSTRA heiter anna eigedom (næringsareal og verk og bruk). Meland, Osterøy, Radøy, Gulen og Solund har i tillegg


eigedomsskatt på hus og hytte. For Lindås og Masfjorden utgjør eigedomsskatten om lag 13 % av driftsinntektene, for dei andre er det frå 5 % og nedover (med unntak av Modalen).



## Gjeld og likviditet


Netto langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene seier noko om kva den langsiktige gjelda vil bety for drifta framover. Høg andel langsiktig gjeld i høve til driftsinntektene betyr at ein større del av inntektene må nyttast til å betale renter og avdrag. Eit lavt rentenivå har dempa verknaden av at den langsiktige gjelda har auka. Med unntak av Lindås og Gulen så har lånegjelda i % driftsinntektene gått noko ned sidan 2011. Nokon av dei minste kommunane har eit relativt ”behageleg” nivå på den langsiktige gjelda.

Kor vidt ein renteoppgang vil vere positiv eller negativ må vurderast i ein større heilskap. Da må ein i tillegg til netto lånegjeld sjå på innskott i bank, rentekompensasjon, auke i sjølvkostgebyr som følgje av auka kapitalkostnader og ikkje minst auka avkastning på pensjonsmidlane hos KLP. Grovt sett så vil kommunane Masfjorden, Gulen, Modalen og Fedje komme betre ut med ein renteoppgang. Meland og Lindås har sopass høg gjeld at ein renteoppgang vil vere negativ. Dei andre kommunane er det litt meir usikkerhet om kva totaleffekten vil vere med ein renteoppgang.



## 4.2 Bruken og prioritering av midlane

### Fordeling av netto driftsutgifter på tenesteområda i 2014




Korleis kommunane prioriterar og nyttar midlane på dei ulike sektorane vil for ein stor del vere gitt med grunnlag i aldersfordelinga til befolkninga og statlege krav. Slik at Meland med ein stor del i skulepliktig alder må nytte relativt stor del av dei frie inntektene til skule og barnehage. I tillegg vil fordelinga på dei ulike sektorane sei noko om lokale politiske prioriteringar. Med unntak av Modalen og Solund og Solund så går 85 – 94 % av netto driftsutgifter til helse og omsorg, skule, barnehage og administrasjon.

Når ein ser på ressursbruken pr mottakar av tenestene så må ein vere klar over at utviklinga i tal mottakarar også får verknad. Til dømes uendra ressursbruk totalt, men ferre brukarar gir høgare ressursbruk pr brukar.

#### Barnehage

Det har vore stor politisk fokus på barnehagedekning og utbygging av barnehagar.

Netto driftsutgifter til barnehage (1.000 kr) fordelt per innbygger som er 1 – 5 år viser store variasjonar mellom kommunane. Det som kanskje overraskar mest er dei store endringane frå år til år innan same kommune. I Meland aukar netto utgiftene med om lag 30 % i 2014, det er også ein stor auke i Radøy og Austrheim. I den største kommunen er utgiftene uendra frå 2013. Meland sin ressursbruk samanlikna med Lindås utgjer nesten 10 mill kr. Osterøy er den kommunen som har dei lågaste netto driftsutgiftene.





### Grunnskule

Netto driftsutgifter pr elev (1.000 kr) varierer ganske mykje mellom kommunane. Det er naturleg nok dei minste kommunane som nyttar mest ressursar pr elev. Små skular med få elevar i kvar klasse gir relativt få elevar pr lærar noko som gjer at utgiftene pr elev vert høgare i desse kommunane.

Osterøy og Meland har dei lågaste utgiftene pr elev og ligg under gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 10. Dei andre kommunane ligg over og Radøy sin ressursbruk pr elev gjer at ressursbruken er om lag 10 mill kr høgare enn den ville vore dersom nivået hadde vore på gj. snitt for landet.


Andel elevar som mottok spesialundervisning varierer svært mykje frå kommune til kommune. Mange av kommunane ligg høgt samanlikna med gjennomsnitt for landet. Fedje Gulen og Solund ligg under gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 10, men dei andre kommunane ligg over. Dei kommunane som ligg så vidt mykje over gjennomsnittet for landet bør kanskje vurderer omfanget av spesialundervisning særskilt.






## Pleie og omsorg


Av dei som er 80 år og eldre som mottok heimeteneste eller har plass på institusjon ligg i mange kommunar rundt 50 %. Osterøy skil seg ut med ein forholdsvis låg dekning. Fedje og Modalen har ikkje noko data for at det er personar som er 80 år og eldre som mottok heimeteneste.



Brutto driftsutgifter (1000 kr) pr institusjonsplass varierer mellom kommunane. Meland skil seg ut med låge utgifter, der er også ein stor nedgang i 2014. Meland bør vurdere om der er riktige grunnlagsdata for berekninga av dette nøkkeltalet. Det er også ein del av kommunane som nyttar meir ressursar enn gjennomsnitt for landet. Lindås sin meirbruk samanlikna med gjennomsnitt for landet utgjer om lag 8 mill kr. Utgiften er pr plass og ikkje mot faktiske bebuarar. Dei fleste kommunane har fulle institusjonar. Dei totale brutto driftsutgiftene er med funksjon 253 (pleie) og 261 (bygg inkl avskrivningar).




Samanlikna med gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 8 så er ressursbruken pr mottakar av heimeteneste (1.000 kr) høgare, med unntak for Modalen og Masfjorden. Årsaka til at det er så stor variasjon i dei gjennomsnittlege utgiftene pr mottakar av heimetenester kan vere at der er høgare andel med ressurskrevjande brukarar i nokon kommunar.




### Kommunehelsetenesta

Utgiftene til kommunehelse-tenesta er mellom anna omfatta av lege- og fysioterapitenesta. Alle kommunane ligg over gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 10. Mange av kommunane viser ein stor auke i utgiftene i 2014, Radøy er eit unntak. Med unntak av Lindås og Austrheim er der slik at ressursbruken pr innbyggjar vert redusert med auka storleik på kommunen. Sjølv om avstanden i kronebeløp kan synes å vere liten så er Lindås sin ressursbruk samanlikna med landet om lag 3,5 mill kr høgare og til kommunegruppe 10 om lag 5,5 mill kr.




### Sosialtenesta

Netto utgiftene til sosialtenesta viser stor variasjon. Den er lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppe 10, med unntak av Radøy. I dei mindre kommunane vil der vere store variasjonar frå år til år. Det er grunn til å merke seg den store auken i Radøy og Austrheim. Trenden for landet er ein relativt stor auke dei siste fire åra.



### Barneverntenesta


Netto utgiftene til barnevern utviklar seg litt forskjellig i dei ulike kommunane. Masfjorden, Radøy og Austrheim nyttar mest midlar til barnevern og ligg over kommunegr. 10. Osterøy og Lindås ligg også over gjennomsnittet for landet. Osterøy viser ein reduksjon, mens Lindås viser ein jamn auke i ressursbruken dei siste åra.




## Administrasjon

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring (funksjonane 170 - premieavvik, 180 – diverse fellesutgifter og 190 interne serviceenheter er ikkje med) pr innbyggjar varierer ganske mykje mellom kommunane. Der er klare stordriftsfordelar med omsyn til utgifter til administrasjon. Organisering av kommunen kan vere med på å påverke korleis lønnsutgiftene vert fordelt på dei ulike Kostra funksjonane. Også ulik praksis med omsyn til korleis ein fordeler fellesutgiftene i rekneskapen kan gi variasjonar mellom kommunane. I dei minste kommunane vil det nok også vere slik at det ikkje er praktisk å få fordelt alle utgiftene på rett tenesteområde og vert difor verande på administrasjon. Masfjorden har hatt ein relativt stor auke, mens det i Meland har blitt redusert. Noko av endringa i Meland kan forklarast med auken i folketalet.

Utgiftene til administrasjon pr innbyggjar faller med aukande folketal opp til 15-20 000 innbyggjarar.





### 4.3 Kommunebarometeret og NHOs kommune NM

I løpet av summaren er der presenter to større undersøkingar om kommunane:

- Kommunebarometeret – Kommunal Rapport
- NHOs kommune NM – utarbeida av Vista Analyse

Det vil også vere av interesse å sjå på korleis kommunane i denne regionen kjem ut på desse undersøkingane. Kommunebarometeret går i hovudsak på KOSTRA tal og det er hovudtala som her er med. NHO sin rapport ser også litt på kommuneøkonomi, men her vert kommunane rangert etter andre faktorar. Det som kjem fram her er kommunane sin plassering i forhold til kvarandre (1 – best – 428 dårlegast). Det må ikkje sjåast på plassering som er tett på kvarandre som nokon forskjell, men når det skil 100 plassar så byrjar det å bli interessant. Der vil nok alltid vere diskusjon rundt desse målingane med omsyn til kva som er vektlagt. NHO sin vurderinga av kommuneøkonomien synes å ha eit litt spesielt fokus, samanlikna med som vert vektlagt i andre rapportar.

Dette er rapportar som uansett vil bli diskutert og presentert så det er viktig at vi også kjenner til dei og har eit bilete av korleis det står til i vår region.


### 4.3.1 Kommunebarometeret

Kommunebarometeret har 6 hovudområdet og ein totalplassering. I totalplasseringa så tel dei seks områda likt, men i tillegg er der korrigert for inntekt. Kommunar med inntekt over 100 vert nedjustert og dei med under 100 vert oppjustert, sjå vedlegg for nærare forklaring. Har også tatt med tala for 2013 slik at ein ser om der er endring i plassering no i 2014.

#### Grunnskule

Dei viktigaste kriteria her er avgangskaraktarar, nasjonale prøvar , gruppestorleik og utdanning.

Gulen er heilt i toppen med sin plassering. Meland og Fedje er også i øvste halvdel. Masfjorden, Lindås, Radøy, Solund og Osterøy ligger midt i, mens Austrheim kjem i det nedste sjiktet. For Modalen mangla der data. Det er vanskeleg å sjå nokon samanheng mellom ressursbruk og (sjå KOSTRA notatet) og oppnådd plassering.




#### Eldreomsorg

Dei viktigaste kriteria her er dekningsgrad for dei som er 80 år og eldre både for sjukeheim og heimeteneste, men fagpersonale vert også vektlagt.




Lindås, Radøy, Meland og Modalen ligger heilt i topp. Radøy ligger også over middels, mens Masfjorden er litt under middels. Austrheim og Masfjorden er i nedre halvdel. Fedje manglar data.



### Barnevern

Dei viktigaste kriteria er sakshandsamingstid og overhalding av fristar og årsverk med fagutdanning.


Masfjorden (nr 1!), Austrheim, Gulen og Solund ligger heilt i toppen. Meland og Lindås har i 2014 gått frå øvre halvdel til midten. Fedje og Modalen var utan data.



### Barnehage

Dei viktigaste kriteria er fagutdanning og bemanning.


Modalen er heilt i toppen. Radøy og Austrheim ligg også i det øvre sjiktet. Osterøy og Masfjorden er middels, mens Meland, Lindås og Gulen er i det nedste sjiktet.



### Helse

Dei viktigaste kriteria er legedekning og årsverk helsesøster og psykiatrisk sjukepleier.


Akke dei minste kommunane ligg i det øvre sjiktet. Radøy, Osterøy og Lindås er i midtsjiktet, mens Meland er i det nedste sjiktet.



### Økonomi


Dei viktigaste kriteria er netto driftsresultat, netto lånegjeld og disposisjonsfond.

Modalen, Gulen, Masfjorden, Lindås, Osterøy og Fedje er heilt i toppen. Dei andre kommunane ligg frå litt over middesl til litt under. Det som er litt overraskande er at Osterøy kjem så vidt bra ut. Radøy manglar data for 2014.



### Totalt

Her blir det korrigert for frie inntekter. De som ha høge frie inntekter får nedjustert og dei som er under 100 får oppjustert. Til tross for det så har Modalen forbedra sin plassering til å vere i midtsjiktet. Gulen og Meland ligg heilt i toppen, deretter føl Osterøy. For Radøy manglar det data for 2014.




### 4.3.2 NHOs KommuneNM

Den rapporten fokuserer på fem hovudområde med enkeltindikatorar innfor der. Der-  
som ein vil ha meir informasjon visast det til <https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/> . Dei fem hovudområda er – Næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommuneøkonomi. Dett er så lagt saman i ein total rangering.

#### Næringsliv


Det som blir vektlagt her er verdiskaping, nyetableringar, inntektsnivå, privat sysselset-  
ting og vekst i sysselsetting i privat sektor. Meland og Lindås er i det øvste sjiktet.



#### Arbeidsmarknad

Det som blir vektlagt her er sysselsettingsandel, sjukefråvær, uføre og arbeidsledige.


Modalen, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Lindås er i den øvste halvdel. Os-  
terøy og Meland ligg midt i, mens Radøy er i nedre halvdel.



#### Demografi

Det som blir vektlagt her er befolkningsvekst, unge i forhold til eldre i prosent av arbeidsstyrken og netto innflytting.


Meland er med sin unge befolkning heilt i toppen, men også Modalen, Osterøy og Lindås i det øvre sjiktet. Fedje og Solund er det nederste sjiktet.



## Kompetanse

Det som blir vektlagt her er dei som berre har grunnskule, høgare utdanning, fagprøve-utdanning og teknisk naturvitenskapeleg utdanning .


Modalen ligg her heilt på topp. Lindås, Gulen, Masfjorden, Austrheim, Fedje og Meland ligg også heilt i det øvre sjiktet. Osterøy og Solund er i midtsjiktet, mens Radøy er den som ligg lågast.




## Kommune økonomi

Det som blir vektlagt her er administrasjonsutgifter pr innbyggjar, eigedomsskatt, inntekter utanom rammetilskott og netto lånegjeld pr innbyggjar. Tenker det kan vere grunn til å stille spørsmål ved desse indikatorane om dei gir det beste bilete av kommunen sin økonomi. Det blir meir ei vurdering utanfrå og ikkje om kommunen har ein god økonomi eller ikkje. Små kommunar med høge inntekter vil alltid komme dårleg ut her.

Det gir seg også utslag i at dei kommunane med dårlegast økonomi i regionen kjem øvst – Meland, Osterøy og Radøy. Mens den kommunen som har best økonomi – Modalen – kjem nedst.




Har difor tatt med ein figur kor tala frå kommunebarometeret og NHO er samanstilt i same figur, da får ein fram desse forskjellane.



#### Total vurdering av kommunane

I totalvurderinga så kjem Meland og Lindås svært godt ut. Austrheim, Gulen og Osterøy kjem også i den øvre halvdel. Når ein ser på totalen så er der ingen store endringar i plasseringa når ein samanliknar dei siste tre åra.




#### NHOs KommuneNM på regionsnivå


Det er også laget tal for regionane der Nordhordland kjem på ein 30 plass av totalt 77 regionar. Bergensregionen er på 4 plass og Sunnhordland på 14 plass.

Nordhordland skil seg ut på Næringsliv og på kommunal økonomi. Den siste bør ikkje vektleggast så mykje. Nordhordland er betre enn Sunnhordland når det gjelder demografi, men «tapar» på dei andre områda. Bergensregionen har plass nr 4 totalt sett og er ikkje lågare enn nr 21 på nokon av områda.





For åra 2009 til og med 2013 var Nordhordland hatt ein plassering som nr 25 eller 26. For året 2014 så har ein falt til 30 plass. Det kan sjå ut til at den endringa skuldast at ein har fått ein lågare plassering på indikatoren – Næringsliv.



# 5. Skatt og avgifter

Eigedomsskatt og avgifter varierer mellom kommunane. Det er difor interessant å få ein oversikt over kva omfang og nivå det har.

## 5.1 Eigedomsskatt

Alle kommunane har eigedomsskatt på næringsseigedom og/eller verk og bruk (anna eigedom). Fire av kommunane har eigedomsskatt på hus og hytte. I følgje KOSTRA så er eigedomsskatten i 2014 på 274 mill kr, sjå tabellen under.

	<b>Anna eigedom</b>	<b>Hus og hytte</b>	<b>Totalt</b>
Lindås	163	-	163
Masfjorden	24	-	24
Meland	5	18	24
Modalen	23	-	23
Austrheim	13	-	13
Gulen	8	4	12
Radøy	3	9	12
Fedje	2	-	2
Solund	-	1	1
<b>Totalt</b>	<b>242</b>	<b>32</b>	<b>274</b>

Meland har satt ned eigedomsskatten på hus og hytte frå 5,0 promille til 3,5 i 2015, Radøy har uendra 3,0, Gulen aukar frå 2,5 til 3,5 og Solund har uendra 2,0.

Det er stadig politiske diskusjonar om eigedomsskatt og Finansdepartementet har i høyringsnotat av 18.6.2015 forslag om endring av lov om eigedomsskatt til kommunane. Forslaget er at arbeidsmaskinar m.v. i verk og bruk skal trekkast ut av grunnlaget for berekning av eigedomsskatt.

Eigedomsskatt kan skrivast ut på de fleste typar eigedom:

- Bustadeigendommar
- Fritidseigendommar
- Verk og bruk
- Anna næringsseigendom

Forslaget om endring omfattar altså kategorien ”verk og bruk” som er å betrakte som en kategori av gruppa næringsseigendommar. Det som skil ”verk og bruk” frå andre næringsseigendommar er at arbeidsmaskinar m.v. skal takast med i grunnlaget for berekning av eigedomsskatt når det kan sjåast på å vere ”ein part av sjølve foretaket” (§

8 A-2 i eiendomsskatteloven). Med arbeidsmaskinar meinast i denne samanhengen alle maskinar som er installert for å betene produksjonen/virksomheten. Regelen om arbeidsmaskinar mv. får ikkje anvending på kraftverk. Grunnen til dette er i følgje høyringsnotatet:

*”At verdsettelsen av slike verk og bruk baseres på skattemessig formuesverdi etter særskilte regler i skatteloven. Med kraftverk siktes det her til vannkraftanlegg. Vindkraftanlegg følger de alminnelige verdsettelsesreglene, og regelen om arbeidsmaskiner mv. kommer derfor til anvendelse på denne typen anlegg.”*

Av forslaget kan det sjå ut til at alle installasjonar i vindkraftverk fritakast for eigedomsskatt. Det kan også sjå ut til at eigedomsskatt på kraftliner vert oppretthaldt, men at eigedomsskatt på kablar som fører telesignal skal fritakast. Kva som skjer med skattlegging av olje/gass røyrledning er ikkje omtalt i notatet, men vil truleg også få konsekvensar for det.

Dersom dette vert vedteke så vil det gi ein stor reduksjon i eigedomsskatten i Lindås og Austrheim. Lindås sitt tap vil kunne bli betydeleg, det er antyda eit tap på over 100 mill kr. Det vil også gi reduksjon i nokon av dei andre kommunane. I utgangspunktet skal ikkje endringa gi tap for Masfjorden og Modalen sin eigedomsskatt på kraftverk.

Forskjellane i eigedomsskatt kan ikkje oppretthaldast i ein ny kommune, dei må harmoniserast. Departementet kan i følgje inndelingslova § 17 gi unntak frå regelen om harmonisering. Dette unntaket vil som regel bli gitt for to år, slik at det er ikkje noko varig unntak.

Med den usikkerheteten som er omkring eigedomsskatt på verk og bruk så gir det ein ekstra utfordring med å få til ei harmonisering av eigedomsskatten som vil bli oppfatta som positiv i alle kommunane. Endringane som er foreslått kan tidlegast tre i kraft frå 2017.

## 5.2 Andre avgifter

---

Med NGIR IKS så er der eit felles renovasjonsselskap i regionen slik at dei avgiftene er allereie harmonisert. Dei viktigaste avgiftene er då vatn, avløp, barnehage og SFO.

Årsgebyr - 2015 - kjelde KOSTRA				
	Vatn	Avløp	Septikktømming	Feiing
1252 Modalen	1 968	2 741	822	388
1256 Meland	3 290	1 980	500	390
1260 Radøy	3 136	3 166	892	347
1263 Lindås	2 576	3 450	1 038	433
1264 Austrheim	3 794	2 928	1 010	354
1265 Fedje	3 730	2 899	838	229
1266 Masfjorden	5 000	2 940	747	460
1411 Gulen	3 733	3 950	1 064	470
1412 Solund	4 490	3 349	747	481

Der er noko variasjon i årsgebyra for vatn og avløp, men ikkje så veldig store forskjellar i kroner. For septikktømming og feiing er det relativt låge beløp pr husstand. Dette er område som dei største kommunane finansierer til sjølvkost, litt usikker på dei mindre kommunane spesielt på vatn.

	Foreldrebetaling Barnehage: Månedssats med årsinntekt 250 000- 299 999 kroner ek	Foreldrebetaling SFO: ukentlig oppholdstid 20 timer, i kroner per måned
<b>1252 Modalen</b>	1 940	1 045
<b>1256 Meland</b>	2 480	2 336
<b>1260 Radøy</b>	2 505	2 454
<b>1263 Lindås</b>	2 480	2 561
<b>1264 Austrheim</b>	2 580	2 365
<b>1265 Fedje</b>	2 580	..
<b>1266 Masfjorden</b>	2 325	1 960
<b>1411 Gulen</b>	2 480	1 687
<b>1412 Solund</b>	2 580	1 960

For barnehage er der relativt små forskjellar, med eit lite unntak for Modalen. For SFO er der litt større forskjellar.

# 6. Positive og negative effektar av ein kommunesamanslåing

I Forhandlingsutvalet sitt møte 27.05.15 (sak 11/15) så vart det sett på kva positive og negative effektar ein kommunesamanslåing kunne ha.

Åsbjørn Vetti frå KS Konsulent leia forsamlinga gjennom denne saka.

Det var delt inn i grupper med 6 – 8 personar i kvar gruppe. Gruppene vart «spreidd» mest mogeleg på tvers av kommunar og roller. Vetti hadde ein kort introduksjon der han raskt gikk gjennom dei 10 kriteria for kommunestruktur frå ekspertutvalet.

Metoden som vart nytta:

Det vart jobba i to sesjonar med ulike tema. Kvar gruppe fikk utdelt flippoverark og tusjar.

Gruppene fikk i oppdrag å dele arket i to - sterke og svake sider med å slå seg saman med ein eller fleire kommunar. Det vart også mogeleg å setje initialar dersom eit punkt ikkje gjeld alle:

Solund = So, Gulen = Gu, Masfjorden = Ma, Modalen = Mo, Fedje = Fe, Austrheim = Au, Radøy = Ra, Meland = Me, Lindås = Li.

Gruppene jobba om lag 35 minutt med temaet. Kvar gruppe fikk presentere to moment i plenum. Fyrst sterke sider, så svake sider. Det var også ein open runde til slutt.

## Sesjon I:

Her vart det jobba med med følgjande kriterier frå ekspertutvalet:

- 1) Tilstrekkeleg kapasitet
- 2) Relevant kompetanse
- 4) Effektiv tenesteproduksjon

Overskrifta for desse kriteria var «**Tenester**».

## Sesjon II:

Her vart det jobba med med følgjande kriterie frå ekspertutvalet:

- 7) Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
- 8) Høg politisk deltaking
- 9) Lokal politikarstyring
- 10) Lokal identitet

Overskrifta for desse kriteria var «**Samfunnsutvikling og demokrati**».

I oppsummeringa er det valt å behalde dei orda og uttrykka som er nytta av gruppene. Er der heilt like ord så står det eit tal bak som indikerer at fleire grupper har peika på det same. Har

sortert argumenta for dei kriteria som ekspertvalet har nytta og systematisert det innafor kvart kriterium. Nokon av argumenta kan sjølvstast nyttast på fleire kriterium.

### Oppsummering av sesjon I – Tenester -

Sterke sider	Svake sider
<p><b>Tilstreккеleg kapasitet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Storleik og samansetting på fagmiljø – robust fagmiljø</li> <li>• Stabilitet i fagmiljøa</li> <li>• Auka stabilitet</li> <li>• Større fagmiljø/kompetanse (3)</li> <li>• Styrka fagmiljø</li> <li>• Kompetanse</li> <li>• Distanse til sakene</li> <li>• Meir effektive – stordriftsfordel</li> <li>• Effektiv tenesteproduksjon</li> <li>• Meir objektivitet på visse område – spesielt der det er veldig små fagmiljø</li> <li>• Likebehandling (objektivitet)</li> <li>• Meir attraktivt med større fagmiljø</li> <li>• Mindre problem med habilitet</li> <li>• Mindre sårbar</li> <li>• Meir robuste einingar til å dekke kommunen sine tenester og oppgåver</li> <li>• Rasjonalisering</li> <li>• Meir systematisk produksjon</li> <li>• Stordriftsfordel</li> <li>• Høgare kvalitet på tenesteproduksjon</li> <li>• Breidare kompetansesamansetting</li> <li>• Ressursar til utvikling av tenester – innovasjon</li> <li>• Fagleg integritet – gjennomslagskraft</li> <li>• Betre tilrettelegging for gode politiske prosessar (ofte som alternativ til konsulentar)</li> </ul> <p><b>Relevant kompeanse</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Spesialisering</li> </ul>	<p><b>Tilstreккеleg kapasitet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Meir uoversiktleg – lengre beslutningsveg</li> <li>• Nok er nok</li> <li>• Lange prosessar</li> <li>• Mistar fleksibilitet</li> <li>• Auka byråkrati</li> <li>• Mindre handlingsorientert/ løsningsorientert</li> <li>• Omstillingsevne</li> <li>• Sårbar</li> <li>• Jobbusikkerhet for rådhustilsette <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Jobb + bustad i distriktet</li> </ul> </li> <li>• Fråflytting i delar av kommunen</li> <li>• Sentralisering gir avstand til innbyggerane</li> <li>• Individet mindre i fokus (den einskilde innbygger)</li> </ul> <p><b>Relevant kompeanse</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Må dra vekslar på større fagmiljø enn NHL</li> </ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekruttering (2)</li> <li>• Betre rekruttering</li> <li>• Større og meir attraktive fagmiljø</li> <li>• Lettare å rekruttere rett kompetanse – konkurransedyktige betingelsar</li> <li>• Innkjøp/klagehandsaming</li> <li>• Flyktningekapasitet – tenester til dei</li> <li>• Potensiale for meir effektiv tenesteproduksjon/ Administrasjon</li> <li>• Betre habilitetsforhold</li> <li>• Ivareta fleire oppgåver</li> <li>• Betre utnytting av ressursane</li> <li>• Fleire 100 % stillingar</li> <li>• Spisskompetanse</li> <li>• Yte fleire tenester innan eigen kommune</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokalkunnskap – mindre</li> <li>• Svekka lokalkunnskap</li> <li>• Manglande felles identitet (manglande eigarskap til ulike delar i den nye kommunen)</li> <li>• Silotenking</li> <li>• Kan miste samhandling og forståing for andre sektorar</li> <li>• Fagleg dominans</li> <li>• Kompliserande (ref. «godt nok»)</li> <li>• Byråkratiserende</li> </ul>
<p><b>Effektiv tenesteproduksjon</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Stordrift</li> <li>• Effektivisering – webløysingar</li> <li>• Kostnadseffektiv</li> <li>• Einingskostnadane går ned</li> <li>• Frigjere ressursar til tenesteyting</li> <li>• Økonomi – «større kommunekasse»</li> <li>• Styrket økonomi</li> <li>• Jobbsikkerheit på ytre einingar</li> <li>• Konkurransetsetting</li> <li>• Samferdsel</li> <li>• Kollektiv</li> <li>• Betre styring av tenestekvalitet</li> <li>• Effektiv sakshandsaming (forvaltning, juss)</li> <li>• Eliminering av sårbarhet</li> <li>• Mindre statlig innblanding – beslutning nærare innbyggjarane</li> </ul>	<p><b>Effektiv tenesteproduksjon</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avstand til brukarane – større</li> <li>• Lengre geografiske avstandar</li> <li>• Sentralisering av tenester</li> <li>• Store avstandar</li> <li>• Mindre lokalkunnskap</li> <li>• Mindre smidighet</li> <li>• Mindre bruk av skjønn</li> <li>• Avstand til tenester</li> <li>• Sentralisering</li> <li>• Meir byråkrati/administrasjon</li> <li>• Mindre «kortreist mat»</li> <li>• Upersonleg og store miljø</li> <li>• Mindre eigarskap</li> <li>• Mindre engasjement</li> <li>• Mogeleg uoversikteleg</li> <li>• Konkurransetsetting</li> </ul>

## Oppsummering av sesjon II – Samfunnsutvikling og demokrati

Sterke sider	Svake sider
<p><b>Funksjonelle samfunnsutviklingsområde</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sterkare region i forhold til Bergen</li> <li>• Sterkare regionar</li> <li>• Statleg styring (mindre)</li> <li>• Robuste fagmiljø</li> <li>• Næringslivet - færre å forhalde seg til</li> <li>• Betre arealplanlegging – infrastrukturprosessar</li> <li>• Større område – storskalatenking</li> <li>• Kortare prosessar</li> <li>• Felles/lik forvaltning</li> <li>• Mulighet til å påverke gjennom ein politisk kanal i felles bo- og arbeidsområde</li> <li>• Næringstilrettelegging</li> <li>• Slutt på indre konkurranse om «feil næringstilrettelegging»</li> <li>• Saman er me sterke</li> <li>• Meir likebehandling (eks byggesak)</li> <li>• Samferdsel – påverking</li> <li>• Betre på samferdsel</li> <li>• Samferdsle</li> <li>• Lettare politiske prosessar (jamfør Nordhordlandspakken)</li> <li>• Fylkesmakt</li> <li>• Arealdisponering</li> <li>• Heilskapleg arealplanlegging</li> <li>• Betre arealutnytting/utvikling</li> <li>• Strategisk planlegging for heile regionen (overordna nivå)</li> <li>• Utvikle «horisonten»</li> <li>• Større perspektiv</li> <li>• Større regional makt</li> <li>• Effektivitet – profesjonalisert fagmiljø</li> </ul>	<p><b>Funksjonelle samfunnsutviklingsområde</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Svekker distrikta</li> <li>• Felles reglar, differensiering?</li> <li>• Mindre kontakt med lokalt næringsliv</li> <li>• Meir tungrodd system</li> <li>• Avstand/fare for sentralisering – det er makta som rår</li> <li>• Fokus på store vekstområde</li> <li>• Avstand til politikarane</li> </ul>



<p><b>Høg politisk deltaking</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Større kommunestyre enn minimumskravet</li> <li>• Heilskapleg samfunnsutvikling</li> <li>• Lettare å rekruttere</li> <li>• Sterkare partipolitikk</li> <li>• Fleire å velje mellom</li> <li>• Kan verta lettare å rekruttere folk til partilistene</li> </ul> <p><b>Lokal politisk styring</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Grendeutval/kommunedelutval</li> <li>• Valkretsar</li> <li>• Grendatuval – lokal identitet</li> <li>• Større lokalpolitisk ansvar i ombodsrolla</li> <li>• Politisk tyngde/påverking – styrka demokrati</li> <li>• Heilskapleg og overordna politisk tenking</li> <li>• Mindre inhabilitet</li> </ul> <p><b>Lokal identitet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrke identiteten</li> <li>• Styrka lokal identitet i bygdene og regional identitet</li> </ul>	<p><b>Høg politisk deltaking</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Politisk deltaking</li> <li>• Habilitet/nærhet</li> <li>• Konsensus</li> <li>• Mindre engasjement i befolkninga for kommunepolitikk</li> </ul> <p><b>Lokal politisk styring</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lågare valdeltaking</li> <li>• Mindre medbestemmelse</li> <li>• Manglande lokalkunnskap</li> <li>• Større lokalpolitisk ansvar i ombodsrolla</li> <li>• Manglande nærhet</li> <li>• Stor avstand til politiske møte/reisetid</li> <li>• Politikken forsvinner – Administrasjon bestemmer</li> <li>• Lengre veg til politikarane</li> <li>• Større avstandar</li> <li>• Mindre innvolvering</li> <li>• Skeiv representasjon</li> <li>• Store kostnader</li> </ul> <p><b>Lokal identitet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mindre personleg kjennskap og kontakt med den einskilde politikar</li> <li>• Frykt for det ukjende</li> <li>• Utkantane vert gløymd</li> <li>• Svekka identitet i bygdene</li> <li>• Dårleg/lite samfunnsutvikling i utkantane</li> <li>• Lite lokalkunnskap blant politikarar</li> <li>• Fråflytting</li> <li>• Lokal identitet – større i ein mindre kommune – vil vere ulike utgangspunkt</li> </ul>
--	--

